



Austevoll kommune

Samarbeidsavtale mellom Austevoll idrettsråd og Austevoll kommune

1. Avtalepartar

Austevoll kommune ved ordførar og Austevoll idrettsråd ved leiar. Avtala vert administrert og følgt opp av rådmannen og leiar av idrettsrådet.

2. Ikraftsetjing

Avtala trer i kraft 1.1.2021, og kan, dersom ein av partane finn det nødvendig, krevjast revidert etter innsetting av nytt kommunestyre. Begge partar kan sei opp samarbeidsavtala skriftleg med 3 månaders varsel.

3. Målsetting

Samarbeidsavtala skal vere med å:

- Fremje felles mål om idrett, fysisk aktivitet og folkehelse for alle i kommunen.
- Sikre god samordning og kommunikasjon mellom kommunen og idretten.
- Klargjere gjensidige krav og forventningar til samarbeidet.
- Sikre god ressursutnytting av offentlege midlar til aktivitet og til idretten, inkl. idrettsanlegg og bygg.

4. Idrettsrådet si rolle

4.1 Austevoll idrettsrådet er eit fellesorgan for all idrett i Austevoll kommune som er organisert i Norges Idrettsforbund gjennom Vestland idrettskrins og underlagt NIF sine lovar og vedtekter.

4.2 Idrettsrådet skal arbeide for best mogleg vilkår for idretten i kommunen og vere ein arena for samarbeid mellom laga og kommunale myndigheiter ,og mellom laga og idrettskrinsen. Idrettsrådet skal gjere prioriteringar på vegne av idrettslaga.

4.3 Idrettsrådet fungerer som eit rådgivande organ i kommunale sakar som vedkjem idretten i kommunen.

4.4 Idrettsrådet skal sjå heilskapen innafor idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse i Austevoll og idrettsrådet skal informera kommunen om sine synspunkt.

5. Samarbeidsrutinar, høyringsrett og medverknad

5.1 Partane har gjensidig informasjonsplikt i høve til saker som vedkjem idretten i kommunen.

5.2 Sakar av felles interesse for idretten skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Dette inneber at eit enkelt idrettslag ikkje tek opp ei sak direkte med kommunen når saka har, eller kan tenkjast å få, konsekvensar for eitt eller fleire andre lag. Saker som vert fremja til kommunen av skal formidlast til kommuneadministrasjonen v/rådmann.



Austevoll kommune

5.3 Lag og organisasjonar knytt til idrettskrisen, som ynskjer å søkje om kommunale investeringsmidlar utanom ordninga for kommunale tilskot til idrett og kultur og turløypemidlar i sokalla OPS-prosjekt, skal vidareformidlast samla til kommunen gjennom idrettsrådet innan 15. september kvart år.

Idrettslag som vil søkja om kommunal stønad til bygging eller rehabilitering av anlegg, må legga ved kostnadsoverslag og finansieringsplan jf. rådmannen sitt prosjektreglement. Finansieringsplanen må skildra eigeninnsats, kommunalt tilskot og spelemidlar. Dersom idrettslaget ikkje kan stå for mellombels finansiering av spelemidlane må det også komma fram at dei søkjer om dette.

6. Faste rutinar mellom kommunen og idrettsrådet

6.1 Idrettsrådet har høve til å koma med grunngjeven uttale og prioritering til tenesteutvalet om fordeling av kommunale idrettstilskot.

6.2 Idrettsrådet fordelar årleg kommunalt kurstilskot til idretten i Austevoll.

6.3 Idrettsrådet kjem med grunngjeven uttale og prioritering til søknadar om spelemidlar.

6.4 Idrettsrådet får i framkant av arbeidet med kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett informasjon om status for kommunale overføringar til idretten.

7. Rapportering, samarbeidsområde og informasjonsarenaer

7.1 Idrettsrådet sender årsmøteprotokoll, årsmelding og godkjent rekneskap til kommunen etter årsmøtet.

7.2 Kommunen vert invitert til idrettsrådet sine møte. Invitasjon skal vere sendt til kommunen seinast 2 veker innan møte. Idrettsrådet har ståande tilbod om at representant frå kommunen fører referat frå regelmessige møter i idrettsrådet. Tilbod om administrativ støtte gjeld ikkje årsmøte, årsmelding og økonomirapportering.

7.3 Minst 1 gong kvart år skal representantar frå idrettsrådet og representantar frå politisk- og administrativ leiing i kommunen møtast for å drøfte tilhøva for idretten. Austevoll kommune kallar inn til eit sånt møte.

7.4 Austevoll idrettsråd kan på førespurnad disponere møtelokale i kommunehuset og/eller i Austevollbadet.



Austevoll kommune

Kvar part får avtala tilsendt for elektronisk signering via ID-porten.

Storebø, 01.03.2021

Austevoll kommune

Morten Storebø

Ordfører

Torbjørn Karsten Karlsen

Leiar Austevoll idrettsråd

Ordfører/rådmann godkjenner og signerer dokumentet elektronisk på vegne av Austevoll kommune.

Grunneigar signerer dokumentet elektronisk ved hjelp av ID-porten.